

Vår ref.:
25/01837-7

Dato:
22.04.25

Referat frå IDF-møte 22.04.2025 – styresaker

Tid: kl 09:00-10:00

Til stades:

Organisasjonane

- Tone Skjerdal, NTL/LO stat
- Gjert Anders Askevold, Forskerforbundet/Unio
- Jan Ove Rogde Mjånes, Akademikerne
- Karl Eric Melander, Parat/YS stat
- Venke Klubben Prytz, bisittar Norsk sykepleierforbund/Unio
- Karin Bell, Hovudverneombod

Arbeidsgjevar

- Gunnar Yttri, Rektor
- Tage Båtsvik, Organisasjonsdirektør
- Anette Fristad, Avdelingsleiar AHR
- Wenche Fjørtoft, Seniorrådgjevar AHR referent

Sakliste

16/25-B - Godkjenning av innkalling og sakliste til styremøte 3/2025

17/25-B - Unntatt offentligheten iht.: Offl § 25 første ledd

18/25-B - Unntatt offentligheten iht.: Offl § 25 første ledd

19/25-B - Unntatt offentligheten iht.: Offl § 25 første ledd

20/25-B - Unntatt offentligheten iht.: Offl § 25 første ledd

21/25-B - Strategiske prioriteringar i dimensjonering av studieporteføljen

Rektor orienterte.

Tillitsvalde stilte spørsmål til kva risikoen er og kva konsekvensar dette får for økonomi, omdøme, campusutvikling og om det er føreseieleg i høve studieplassar?

Strategiske og økonomiske vurderingar som til dømes fridom til å vere kreativ til utvikling av studietilbodet er spørsmål som vert stilt. Utdanning i distrikta er ein del av samfunnsmandatet som har koplingar til saka om campusutvikling.

Kvar er vi i spenningsfeltet mellom fagutvikling og økonomi? Må vi arbeide for å hente inn midlar eller kan tilsette få konsentrere oss om fag?

Overhead på KD-finansierte øyremerka kurs er ein diskusjon som går. Det vert redusert i midlar til kurs. Klarer vi å levere forventa kvalitet? Fagmiljøet rapporterer om dramatisk nedgang i KD-finansierte kurs.

Det er bra vi har prosessar for overføring av studieplassar.

22/25-B - Bidrag fra HVL til akademisk spin out-fond hos Vestlandets Innovasjonsselskap (VIS)

Rektor orienterte.

Tillitsvalde stilte spørsmål til kva andre institusjonar bidreg med økonomisk?

Kva er omfanget i HVL, altså potensialet for framtidige prosjekt, som kan styrast inn mot denne kjelda? Dersom ein går inn i fondet, vert det viktig med god informasjon ut i organisasjonen, og at ordninga vert evaluert.

Kor kjem midlane frå, er det frå oppsparte midlar? Er det noko vi som universitet skal drive på med, er vi forplikta, ønskjer vi det og kva tener vi på dette?

23/25-B - Delegasjon av myndighet til å fastsette utsatt sensurfrist

Rektor orienterte.

Tillitsvalde støttar at ein delegerer utsett sensurfrist. Vi må ha system for korleis vi handhever denne myndigheitsdelegeringa. Blir det stor forskjell mellom fag eller fakultet så er det viktig å vere klar over dette på HVL nivå.

24/25-B - Justering av instruks for internrevisjonen ved HVL

Rektor orienterte.

Tillitsvalde stiller spørsmål om kven som medlem i revisjonsutvalet nemnd i saka, og om det er tenkt representasjon frå tillitsvalde i dette utvalet?

Arbeidsgjevar: Internrevisjonen og revisjonsutvalet er knytt opp mot styret og styreleiar.

25/25-B - Satsingsforslag 2027

Rektor orienterte.

Orienteringssaker

O-20/25 - Søkertall 2025

Styret vert orientert om søkjartala for studieåret 2025/2026. Dei nasjonale søkjartala frå *Samordna opptak* har sperrefrist 28. april kl 11:00. Styret vil derfor verte orientert i lukka møte.

O-21/25 - Beredskap og informasjonstryggleik – status

Rektor orienterte.

HVO: Dette er ei viktig sak som vi bør utvide til andre område, som arbeidsmiljø som også har utfordringar knytt til tryggleik og beredskap. Det er gjort forbetringar på nokre område, men vi har framleis avvik.

O-22/25 - NOKUT tilsyn - eigenvurdering av kvalitetssystemet og kvalitetsarbeidet i HVL

Rektor orienterte.

O-23/25 - Løypemelding campusutvikling etter styreseminar i mars

Rektor orienterte.

Tillitsvalde: Det har tidlegare vore diskutert om ein bør ha campusansvarleg på kvart campus som ei stilling eller eit verv. Bør ein ta denne diskusjonen opp att i denne samanhengen? Det må vere ein reiskap for å gjere konkrete endringar og gode prioriteringar for kvar einskild campus.

Rektor : Vi har prinsipp om gjennomgåande leiing og organisering fagleg og administrativt på tvers av geografi. Vi har studieportefølje som følgjer SEFØ-modellen og vi har lagt inn at kvart fakultet har ansvar for utvikling av campus. Vi har ikkje leiing som campusansvarleg utanfor det vi har innan areal/drift og samfunnskontaktar på kvart campus.

HVO. Det vart tatt i mot positivt i vernetenesta at ein kan løfte fram det særeigne ved kvart campus. Det betyr mykje for tilsette. Dette kan vi bidra til sjølve også, og bør kunne reklamerast for.

Rektor: Vi held fast på strategien for levande campus og vi er spent på søkjartala: Korleis vi greier å profilere og marknadsføre kvart campus på beste vis. Dette vil også handle om vilkår for tilsette og ønskje om å kunne profilere det einskilte campus. Vi ser at HVL følgjer utviklingstrekk i Norge.

HVO: Skal vi ha levande campus bør vi også vere til stades på campus. Vi får ikkje gode arbeidsmiljø viss alle er på heimekontor. Skal vi ha gode arbeidsmiljø må vi vere på campus. Det gir også noko til studiemiljøet og til studentane at tilsette er på campus.

Referatsaker

O-24/25 - Munnlege orienteringar frå rektor - styremøte 3/2025

Rektor orienterte.

O-25/25 - Skriftlege orienteringar til styret: Nytt frå Høgskulen på Vestlandet - styremøte 3/2025

Rektor orienterte.

O-26/25 - Referatsaker - styremøte 3/2025

E-3/25 - Eventueltsaker - styremøte 3/2025